

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 13/7820-42

Utpeiking av fylkeskommunale medlemmar til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet pekar ut følgjande fylkeskommunale representantar som kandidatar til Sogn og Fjordane Energi sitt styre for perioden juni 2014 til juni 2016:

Medlem:
Varamedlem:

Medlem:
Varamedlem:

Medlem:
Varamedlem:

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS vert valt på generalforsamlinga 20. juni 2014, etter innstilling frå valnemnda. Fylkesordførar Åshild Kjelsnes er leiar for valnemnda etter styret sitt vedtak i møte av 28. mars 2012.

I Sogn og Fjordane Energi AS sin instruks punkt 3.5 til valnemnda står det følgjande:

«Valnemnda skal leggje vekt på at styret sine medlemmer har tilstrekkeleg grunnlag til å foreta sjølvstendige vurderingar av leiinga sine saksframlegg og selskapet si verksemd. Det skal også leggjast vekt på rimeleg representasjon frå kvart kjønn og på styremedlemmene sin sjølvstende i forhold til selskapet.»

Styret har ni medlemer, av desse er det tre tilsettere representantar. Fylkeskommunen har tre styremedlemer med personlege varamedlemmer. BKK har to styremedlemer, medan kommunane har ein medlem. Fordelinga av styremedlemer følgjer av aksjonæravtalen.

Det er fylkesutvalet som utpeiker styremedlemene frå fylkeskommunen.

Medlemer oppnemnt av fylkeskommunen per i dag er:

Styreleiar Per Atle Kjøllesdal
 Vara Laura Kvamme

Styremedlem Arvid Bjarne Lillehaug
 Vara Nils P. Støyva

Styremedlem Olin Johanne Henden
 Vara Svein Ottar Sandal

Desse står no på val, då valperioden er over i juni 2014. Det skal gjennomførast eit nytt val av styre for selskapet for perioden juni 2014 til juni 2016. I den forbindelse må fylkeskommunen peike ut nye fylkeskommunale representantar som kandidatar til nytt styre.

2. Vurderingar og konsekvensar

Delegeringsreglementet

Det følgjer av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement punkt 4.1 at:

«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»

Fylkesutvalet har tidlegare gjort vedtak om utpeiking av fylkeskommunale representantar til styret i Sogn og Fjordane Energi AS, sjå fylkesutvalet sitt vedtak i sak 59/12 av 23. mai 2012.

Eigarmelding 2013 – eigenskapar og kompetanse hjå fylkeskommunale styremedlemmar

I Eigarmeldinga 2013 går det fram av punkt 2.3.1 kva eigenskapar og kompetanse fylkestinget ynskjer at fylkeskommunale styrerepresentantar skal ha. Her heiter det:

«Fylkestinget meiner at dei som sit i dei ulike styra må ha eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte som samstundes er i samsvar med selskapet sin strategi og handlingsplan.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv, og styremedlemmen representerer berre seg sjølv, ikkje eigarane. Han eller ho skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemmen er.»

Kjønnsrepresentasjon i styre

Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i kommunelova § 80 a som syner til aksjelova § 20-6 som regulerer kjønnsbalansen i statsaksjeselskap. For at eit selskap skal kunne reknast for å vere kommunalt eit kontrollert aksjeselskap, må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredeler av aksjane i selskapet.

Aksjelova § 20-6, 1. ledd lyder:

“ (1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr. 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.”

Sogn og Fjordane Energi AS er ikkje eit statsaksjeselskap og regelen gjeld ikkje direkte. Men kommunelova § 80a nr. 1 seier at aksjelova § 20-6 sine reglar om kjønnsrepresentasjon i styret gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredelar av aksjane i selskapet.

I vår sak eig ikkje fylkeskommunen og kommunane til saman meir enn to tredelar av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS. Kommunane og fylkeskommunen sin samla eigardel er på 61,46 prosent. Dette medfører at lovkravet til kjønnsrepresentasjon i styret ikkje gjeld for selskapet.

Sogn og Fjordane Energi AS er likevel eit offentleg eigd selskap. Sjølv om reglane om kjønnsrepresentasjon ikkje gjeld direkte, legg fylkesrådmannen til grunn at selskapet bør freiste å følgje reglane om kjønnsbalanse når det gjeld dei seks offentleg oppnemnde styremedlemmane.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å peike ut tre fylkeskommunale representantar med personleg vara som kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Energi AS.